



Årsmøte 2026

Stad: Sula bibliotek

Tid: Torsdag 5. mars kl. 12-14

Sak 1

Konstituering (godkjenning av innkalling, sakliste, val av møteleiar, referent og to medleamar til å underteikne protokollen)

1.1 Godkjenning av innkalling

Etter vedtekter i Seniornett Sula er innkalling til årsmøtet gjort kjent ved utsending av e-post datert 13. febr. 2025. Det kom ikkje inn saker til årsmøtet frå medleamar innan fristen 25 febr. 2025.

Innstilling til vedtak frå styret:

Innkallinga vert godkjent

→ Vedtak: Godkjent

1.2 Godkjenning av sakliste

Saklista er vist til i e-post utsendt til medlemmane 13. febr. 2025 (innkalling til årsmøte)

Innstilling til vedtak frå styret:

Saklista vert godkjent

→ Vedtak: Godkjent

1.3 Val av møteleiar/dirigent

Innstilling til vedtak frå styret:

→ Steinar Hide

→ Vedtak: Godkjent

1.4 Val av referent for årsmøtet

Innstilling til vedtak frå styret:

Bjørn Olsnes

→ Vedtak: Godkjent

1.5 Val av to til å skrive under protokollen saman med leiar og referent.

Styret kjem ikkje med innstilling til vedtak. Det vert fremja forslag på årsmøtet.

→ Vedtak underskrift protokoll:

Vedtak: Rolf Gudmundset og Heidi Skår

Sak 2

Årsmelding 2025

Styret har i 2025 vore sett saman slik:

Gunnar Marøy – leiar

Bjørn Olsnes – nestleiar/skrivar

Steinar Hide – kasserar/styremedlem

Eldar Skeide – styremedlem

Roger Hareide – styremedlem

Roar Tynes – varamedlem

Leif Inge Johannesen - varamedlem

- Styremøter 2025

Det har vore 3 styremøter i 2025. Saker som har vore handsama er:

- Rettleiing – korleis gå fram
- Datakafe – ulike tema vi vil ta opp
- Økonomi
- Annonsering – korleis nå målgruppene

- Evaluering datakurs/datakafe

- Nytt opplegg med individuell hjelp 1 time pr veke med oppstart januar 2025.

Det har vore halde datakafe for seniorar jamt over ein gong i månaden. Møta har vore halde på Sula bibliotek.

Tema på møta har vore m.a. Filbehandling, skylagring, mappestruktur, Factsplat, Powerpoint, , svindel på nett, økonomi, slektsforskning.

- Aktivitetar i laget

Ei av målsetjingane til lokallaget er å gi datahjelp til seniorar. Vi har framleis eit godt samarbeid med Sula Bibliotek. Der har vi jamt over ein gong i månaden halde Datakafe. Biblioteket stiller med rom og utstyr.

Frammøtet har vore litt ujamt. Frå 2-7 til 1 i tillegg til styret. Vi har prøvd å legge opp innhald etter ønske frå dei som møter, samt egne idear.

I tillegg opna vi møta for ein dataprat/spørsmål kring det ein måtte lure på.

-Digital arv: Vi skipa i haust til ope møte der tema var digital arv. Her var Pia Boholm frå Seniornett Norge kurshaldar.

Med omlag 40 frammøtte er vi fornøgd med respons. 4 nye medlemmar etter kurskvelden,
Var annonsert ganske stort i Sulaposten og på FB.

☐ Seniornett Sula hadde i samarbeid med Utdanningsforbundet Sula skipa til kurs for pensjonistar. Hovudtema var HUDD.

☐ Vi er også meld inn i Folkeakademiet Sula

Økonomi

Årsmeldinga viser til sak 3 og 4 i innkallinga og eige vedlegg

- Medlemstal

Medlemstalet i lokallaget har vore stabilt . Det er 27 betalande medlemar pr 31.12.2025

Langevåg5.3. 2026.....

Gunnar Marøy, leiar

Bjørn Olsnes, nestleiar

Steinar Hide, styremedlem, kasserar

Eldar Skeide, styremedlem

Roger Hareide, styremedlem

Innstilling til vedtak frå styret:

Årsmeldinga vert godkjent

→ Vedtak: Godkjent

Sak 3

Rekneskap for 2025

Seniornett Sula - Årsrekneskap 2025:

		Inntekt i kr:	Utgift i kr:
01.01.	Overført frå 2024	2198	
jan-des	Kaffipengar datakafe / torsdagsmøte	3325	
jan-des	Overføringar Seniornett sentralt	4375	
29.09.	Salg av heftet "Digital arv"	2702	
21.09.	Gave	500	
jan-des	Servering datakafe/kurs		1450
07.11.	Medl.skap Folkeakademiet		500
jan-des	Transaksjonsgebyr SBM		38
28.04.	Tilbakebet. 7 årsmedl.skap a 400kr		2800
04.03.	Refusjon av feil innbetaling		270
	SUM:	13100	5058
	Saldo pr 31.12.2025:	8042 kr	

14.01.2026; Steinar Hide, kasserar.

Innstilling til vedtak frå styret:

Rekneskap for 2025 vert godkjent

→ Vedtak: Godkjent

Sak 4

Godkjenne budsjett for 2026

Seniornett Sula - Budsjett for 2026			
Tekst	Utgifter i kr:	Inntekter i kr:	
Bankforbindelse - Sparebanken Møre - gebyr	600		
Refusjon av medlemskontingent frå Seniornett Norge kr 175 pr medl. (175x27=4725)		4725	
Refundering av medlemskontingent til 5 styremedl./veiledera + 2 vara. (kr 450x7=3150)	3150		
Servering på Datakafé - VIPPS		3500	
Servering på Datakafé - VIPPS	1500		
Utstyr	3000		
Annonser	0		
Sum	8250	8225	
Resultat			-25
Avsetning frå rekneskap 2025 - kr 8042,-			

Innstilling til vedtak frå styret:

Budsjett for 2026 vert godkjent

→ Vedtak: Godkjent

Sak 5

Val av styremedlemar og varamedlemar

Ifølge nye styrevedtekter for Seniornett, vedtatt på Landsmøtet i 2023, skal heretter alle medlemene i styret bli valt for to år. Samtidig skal ein sørge for kontinuitet i styret ved at valperioden ikkje er sammenfallande for alle styremedlemene.

I forslaget nedanfor, er dette forsøkt innarbeidd. Styret som har fungert som valkomité, foreslår følgjande val:

Styremedlemar:

Gunnar Marøy blir valt for perioden (2026-28)

Bjørn Olsnes er ikkje på val (2025-27)

Steinar Hide blir valt for perioden (2026-28)

Eldar Skeide er ikkje på val (2025-27)

Roger Hareide blir valt for perioden (2026-28)

Varamedlemar:

Roar Tynes blir valt for perioden 2026-27

Leif Inge Johannessen blir valt for perioden 2026-27

Leiar: Gunnar Marøy blir valt for 1 år - (1. året i valperioden 26-28)

Det nye styret konstituerer seg sjølv på sitt første møte.

Vedtak: Godkjent

Sak 6

Innmeldte saker: Ingen saker er meldt inn før frist.

Protokollen godkjent 05032026


Gunnar Marøy, leiar


Rolf Gudmundset


Bjørn Olsnes, referent


Heidi Skår